



**Austrheim**  
KOMMUNE

# **Austrheimmodellen**

## **Stipend, rekruttering og tilsettordninger**

Versjon 1.2.

# Innhold

<b>1. Innleiing</b> .....	<b>3</b>
<b>2. Stipend, rekruttering og tilsettordningar</b> .....	<b>3</b>
2.1. Redusert husleige i kommunal bustad .....	3
2.2. Etableringspakke for nyutdanna og nytilsette.....	3
2.3. Konkurransedyktig løn .....	4
2.4. Stipend under utdanning .....	4
2.5. Stipend for etter- og vidareutdanning.....	4
2.6. Fullmakt.....	4
2.7. Stipendordningar lærarstudentar .....	4
2.8. Stipendordningar sjukepleiarstudentar.....	5
2.9. Revidering .....	5

# 1. Innleiing

Vi tilbyr varierte økonomiske ordningar og tiltak for rekruttering av personar til særskilde yrke, både høgskuleutdanna og fagarbeidarar i stillingar der det er ein krevjande marknad.

Ordninga er meint til å gjere kommunen meir attraktiv som arbeidsgjevar og få nyttilsette til å busetja seg i kommunen.

Det er også mogleg for tilsette å søkje om støtte til etter-/vidareutdanning, både etter denne ordninga og etter vedteken strategisk kompetanseplan for Austrheim kommune.

## 2. Stipend, rekruttering og tilsettordningar

Vi tilbyr følgjande ordningar:

### 2.1. REDUSERT HUSLEIGE I KOMMUNAL BUSTAD

Redusert husleige for alle nyttilsette som ordninga gjeld for, dei to fyrste åra etter tilsetjing.

- 50% reduksjon i leiga fyrste året
- 25% reduksjon andre året

Gjeld per husstand for leige av kommunal bustad eller tilsvarande som kommunen rår over, ved busetjing i Austrheim.

Går ein til anskaffing av eigen bustad, så fell tilskotet bort.

### 2.2. ETABLERINGSPAKKE FOR NYUTDANNA OG NYTILSETTE

Etableringspakke på kr 25.000,- under føresetnad av busetjing og folkeregistrering i Austrheim for nyutdanna og nyttilsette mot binding for 2 års aktiv teneste. Ved eventuell avslutning av arbeidstilhøvet før dei 2 åra er gått, lyt ein høvesmessig del av etableringspakka betalast attende, ved permisjon utan løn vert bindingstida forlenga tilsvarande.

## **2.3. KONKURRANSEDYKTIG LØN**

Konkurransedyktig løn samanlikna med alle andre kommunar i Vestland.

Lønsnivå i dei einskilde stillingane skal fastsetjast ved tilsetjing, ved ordinære, lokale tingingar og årleg lønsregulering i samsvar med Hovudtariffavtalen på KS-området, kapittel 3, 4 og 5, samt etter særskilte tingingar i samsvar med Hovudtariffavtalen kapittel 4.2.2 og 5.3.

## **2.4. STIPEND UNDER UTDANNING**

Stipend kr 20.000,- pr år for nest siste og siste utdanningsår mot binding for 2 års aktiv teneste. Utdanninga må vere godkjent av arbeidsgjevar og relevant for kommunen.

Ved eventuell avslutning av arbeidstilhøvet før dei 2 åra er gått, lyt ein høvesmessig del av stipendet betalast attende, ved permisjon utan løn vert bindingstida forlenga tilsvarande, det same vil kunne gjelde ved langvarig sjukefråvær.

Ordninga gjeld òg for sjukepleiarstudentar som ikkje nyttar ordninga i punkt 2.8.

## **2.5. STIPEND FOR ETTER- OG VIDAREUTDANNING**

Stipend inntil kr 10 000,- pr semester for etter- og vidareutdanning. Dette skal vera ei ordning for tilsette som ynskjer utdanning som ledd i ei personleg utvikling, både i eksisterande stilling og kvalifisering til anna stilling i kommuneorganisasjonen. Bindingstid vert sett frå 0,5 til 2 år. Ved permisjon utan løn vert bindingstida forlenga tilsvarande, det same vil kunne gjelde ved langvarig sjukefråvær. Avbryt ein eller flyttar før bindingstida er avslutta, lyt ein betala attende høvesmessig del av stipendet.

Stipendet gjeld for studiepoenggjevande fag og for fagbrev. Utdanninga/ne må vere relevant for kommunen og etter avtale med arbeidsgjevar.

## **2.6. FULLMAKT**

Kommunedirektøren får fullmakt til å nytta desse tiltaka også i andre samanhengar når situasjonen krev det. Slike saker vert referert for formannskapet fortløpande.

## **2.7. STIPENDORDNINGAR LÆRARSTUDENTAR**

Stipend inntil kr 15 000,- per semester for lærarstudentar som har fullført tredje årsstudium, mot at dei bind seg til å arbeida for kommunen i minst to år etter

ferdig utdanning. For barnehagelærerstudentar gjeld ordninga ved fullført andre årsstudium under same vilkår som for lærarstudentar.

Ved eventuell avslutning av arbeidstilhøvet før dei 2 åra er gått, lyt ein høvesmessig del av stipendiet betalast attende, ved permisjon utan løn vert bindingstida forlenga tilsvarande.

Stipendordninga gjeld for dei som tek lærarskulen for trinna 1.-7. eller 5.-10 og barnehagelærerutdanning.

## **2.8. STIPENDORDNINGAR SJUKEPLEIARSTUDENTAR**

Austrheim kommune har innført ei stipendordning for sjukepleiarstudentar, mot at dei bind seg til å arbeida for kommunen i to år etter fullført utdanning. Ordninga inneber arbeid kvar tredje helg, samt minimum 6 veker i sommarferien. Arbeidet vil gje ei månadleg lønnskompensasjon på kr 4 000,-, totalt kr 48 000,- pr. år. Stipendordninga er skattepliktig og kjem i tillegg til ordinær løn.

## **2.9. REVIDERING**

Austrheimmodellen vert gjeldande i 2 år, og det vert gjennomført evaluering etter eit og to år. Avtalen vil først reviderast i 2024 og i 2025.

---

Fastsett og gjeldande frå 01.05.2023.

Fastsett i AMU 30.03.2023 – sak 013/23

Fastsett i KS 13.04.2023 – sak 031/23

Versjon 1.2. – revidert 04.04.2023